



MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen
Teknisk miljø og landbruk

BRØYTEKONTRAKT - RODE 1

Mellom Masfjorden kommune og Hroar Matre er fylgjande avtale inngått på vintervedlikehald av rode 1 i perioden 15.10.2023 – 15.04.2028.

- Arbeidet omfattar brøyting og strøing av kommunale vegar etter dei retningslinjer som er gitt i anbudsokumentet. Timepris for brøyting er kr. 1000,- og for strøing kr. 1000,-, summen vert indeksregulert kvart år iht.kpi. ssb.
- Kommunen betalar ei årleg beredskapsgodtgjersle i tråd med tilbod på kr 185.000,- pr år, summen vert indeksregulert kvart år iht.kpi. ssb, som kontraktørar sender faktura til Masfjorden kommune på aktuelt beløp, med lik sum kvar gong. Faktura må derfor sendast med forfall 12.03. og 12.10. i aktuelt år.
- Kontraktør pliktar å halde avløyser når han sjølv ikkje kan utføre arbeidet han har inngått avtale om. Dette må kommunen få melding om. Kostnaden med dette må kontraktør sjølv ta ansvar for.
- Om kontraktør tek på seg anna arbeid ut over denne kontrakten, er det ein føresetnad at arbeidet for kommunen har **1. prioritet** og er i tråd med retningslinjer gitt i anbudsokumentet. Misleghald av dette kan føre til avkorting i beredskapsgodtgjersle eller oppseiing av avtale.
- Arbeidet med brøyting og strøing vert å fakturere kvar månad, då spesifisert for brøyting og strøing, dette gjeld og arbeid kommunen tingar ekstra.
- Eventuell skade som vert gjort av kontraktør på utstyr og eigedom er ikkje kommunen sitt ansvar og vert å erstatte av kontraktør. Dersom kontraktør ikkje utbetrar skade dei har påført før utgangen av inneverande brøytesesong, vert utbetring utført av kommunen og belasta kontraktør.
- Denne kontrakten er skriven ut i to eksemplar, ein til kvar av partane.



Karsten Løvås
Masfjorden kommune

Masfjordnes,

Hroar Matre
Kontraktør

Vedlegg til denne kontrakt:

Beskrivelse snøbrøyting 2023 - 2028.
Kart for aktuell rode.

